



Jølster kommune

6843 Skei i Jølster

tlf. 5772 6100

postmottak@jolster.kommune.no

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet  
Postboks 8036 Dep  
0030 Oslo

Vassenden 25.november 2014

Kva:	Høyringsnotat: Forslag om å utvide retten til å pålegge hjelpetiltak med heimel i lov om barnevernstenester. Uttale frå arbeidsgruppa i Sjumilssteget i Jølster kommune..
Dato:	25.11.2014

### Svar på høyring - Forslag om å utvide retten til å pålegge hjelpetiltak med heimel i lov om barnevernstenester .

Arbeidsgruppa i Sjumilssteget i Jølster kommune viser til høyring datert 14. oktober 2014. Sjumilssteget bygger på FN sin barnekonvensjon, og ser det som naturleg å kome med ei uttale.

Vi vil framheve at Barnekonvensjonen art.3(1), omsynet til barnets beste, må vektast tyngre enn i dagens lovverk.

Vi støttar at retten til å pålegge hjelpetiltak i dag er snever ut i frå Barnevernslova § 4-4.

Svar på høyring ut frå framlegg frå Raundalenutvalet (NOU)2012:5 «Bedre beskyttelse av barns utvikling).

Vi meiner at det er til barns beste å senke vilkåra for å pålegge tilsyn, og å endre sakshandsamingsreglane der foreldre skal kunne påleggast fleire typar hjelpetiltak for ein avgrensa periode.

#### 1. Kompenserande tiltak

Arbeidsgruppa i Sjumilssteget i Jølster støttar departementet sitt framlegg om kompenserande tiltak på alle punkt. Vi understrekar spesielt det viktige i at leksehjelp er teke med.

#### 2. Omsorgsendrande tiltak

Skaparkraft - i verdas vakraste ramme.

jolster.kommune.no





Jølster kommune

6843 Skei i Jølster

tlf. 5772 6100

postmottak@jolster.kommune.no

Arbeidsgruppa i Sjumilssteget i Jølster kommune forstår og støttar prinsippet om at barns beste talar for at omsorgsendrande tiltak skal kunne påleggast.

«Omsorgsendrande tiltak» er eit godt omgrep, og vi ser verdien av å kunne legge til rette for at barnevernet kan nytte seg av kunnskapsbaserte tiltak. Det bygger på at det blir tilrettelagt økonomisk, og, for mindre kommunar, i samarbeid med andre.

Ut frå erfaringar med modellkommuneprosjekt i barnehagane i Jølster kommune og PALS-skule i kommunen, ser vi sterkt behov for omsorgsendrande tiltak med dokumentert effekt. I tillegg ynskjer vi at det skal stå TIBIR-kommune (Tidleg intervension for barn i risiko) på lista til forslag på omsorgsendrande tiltak. Vi støttar Raundalenutvalet der det kjem fram at det er viktig å informere om og motivere for omsorgsendrande tiltak. Det må bli eit minimumstilbod der informasjon om støttesystem må kome klart fram på t.d. heimesida til kommunen. Ein må og ha rutinar for korleis vere «tidleg inne» i tett dialog med foreldra. Omsorgsendrande tiltak bygger på at det vert lagt til rette for økonomiske rammer og pålegg om å få system på plass.

### 3. Kontrolltiltak

Dette er eit tiltak som er svært omfattande i sak og innhald. Arbeidsgruppa i Sjumilssteget i Jølster støttar forslaget frå departementet. Kontrolltiltak som er til barns beste, og ikkje av omsyn til foreldra, må få større vekt.

#### Økonomiske og administrative konsekvensar.

Det bør her kome forskrifter til kommunane. Det er til barns beste at det er gode system og rutinar til hjelpetiltak, uavhengig av størrelse på kommunane.

Arbeidsgruppa i Sjumilssteget i Jølster støttar departementet sitt forslag om å senke vilkåra for å pålegge tilsyn, sakshandsaming ved pålegg om hjelpetiltak, sanksjonar ved brot på pålegg om hjelpetiltak, og særleg om bruk av tolk i barnevernet sitt arbeid. Vi meiner at det er til barns beste at fylkesnemndene får forenkla sakshandsaming når dei vert pålagt hjelpetiltak.

Mvh. Arbeidsgruppa i Sjumilssteget i Jølster

Monica S. Skeide

Rakel Apneseth

Kristin K. Ramslien

Hege H. Kjeilen

Hanne D. Fonn

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikke håndskrevet signatur*

Skaparkraft - i verdas vakraste ramme.

jolster.kommune.no

